

Referat fra Valdresrådet

19. august 2020, kl.10.00-kl.15.40 i Sør-Aurdalshallen,
Fossvangbakkin 15, 2930 BAGN

Tilstades: Linda Mæhlum Robøle, Vidar Eltun, Knut Arne Fjelltun, Odd Erik Holden, Haldor Ødegård, Marit Hougsrud, Tor Erling Sæthre, Robert Medik, Bjarne Budal, Svein Erik Wold, Hilde Tveiten Døvre, Ole Aastad Bråten, Leif Solemsli, Merete Hovi, Bjørn Mathisen, Mona Kleven, Arnfinn Beito, Bjørn Nerموen, Stein Tronsmoen, Kristian Damstuen (adm. repr.) Jørand Ødegård Lunde (adm. repr.) Henning Wangsnes (adm. repr.), Ina Syversen (adm. repr.), frå kl.11.00, Guri Grønolen (adm. repr.), frå kl. 11.00. Fredrik Holte Breien (adm. repr.), frå kl. 10.30

Meldt forfall: Trine Adde Hansebakken hadde forfall, for henne møtte Svein Erik Wold. Toril Grønbrekk hadde forfall, for henne møtte Bjørn Nerموen. Kathrin Aslaksby og hennar vara Nils Noraker melde båe forfall. Kristin Bakke Lajord og hennar vara Tom Kjetil Tørstad melde båe forfall. Erik Ringnes melde forfall, det er ikkje oppnemnd vara.

Konstituering av møtet:

Linda Mæhlum Robøle, rådsleiar leia møte.

Saker under eventuelt:

Orientering frå Innlandet fylkeskommune v/Stein Tronsmoen

Jørand Ødegård Lunde er referent

Dagsorden var:

10.00 Møtestart

Handsame sakene:

VR 1-/-20 Innkalling og saksliste

VR 2-/-20 Protokoll

10.10 Drøftingssak: hytteeigardialogen etter Korona.

- Innleiing ved Bjørn Mathisen VHF
- Bortfallsanalyse ved Tor Arnesen, Østlandsforskning
- Dialog i Valdresrådet: Har vi god nok samhandling med fritids innbygarane våre?
- Kva bør vi jobbe vidare med for å til et best mulig samspel?

11.30 Lunsj

12.00 Korleis betre samhandlinga? v/Leif Solemsli

12.15 Reisemålsstrategi Valdres 2025 (sak V 3-/-20).

Del av prosess: Valdres som berekraftig reisemål.

- Innleiing og gjennomgang av strategiutkastet v/ Merete Hovi i Visit Valdres
- Innspel til strategien i plenum (sjå vedlagte dokument)

12.40 Innovasjonsløft i Valdres, v /Hilde Tveiten Døvre

12.50 Innleiing til work shop, viktige satsingsområder for Valdres (sak V 4-/-20)

v / kommunikasjonsansvarlig i VNK, Henning Wangsnes

Kva er viktigast for å nå måla om stabilt folketal og ei sterk regional merkevare?

15.00 Sakshandsaming

15.30 Møteslutt

Frå drøftingssakene:

Hytteigardialogen:

Bjørn Mathisen sin presentasjon/innleiing er vedlagt referatet. *Bjørn Mathisen* refererte i sitt fordrag til Hytteforbundets brev til statsminister Solberg. Brevet finner du her:

<https://hytteforbund.no/brev-til-statsministeren-vedr-hytteforbudet-under-covid-19-utbruddet/> På spørsmålet om samhandlinga framheld han at det er viktig med representative parter. Dersom dette er utilstrekkelig tilrettelagt går ein glipp av dei positive effektane av dette. I Etnedal vel hytteigarane å stå utanfor fellesorganiseringa, de har egne ½-årige møter med kommunen. Dei er i dialog med Valdres friluftsråd om ytterligare samarbeid om løyper og stigar. *Haldor Ødegård* tok opp behovet for ei serviceutdanning overfor hyttebefolkninga. Han rosa og Valdres hytteforum, dette vart fylgt opp frå fleire. *Odd Erik Holden* tok opp kva er lærepunkta ein kan ta med seg vidare. *Kristian Damstuen* tok opp at dimensjonering av helsetilbodet er eit tema som kan drøftast framover.

Tor Arnesen sin presentasjon er vedlagt referatet. Østlandsforskning er et institutt ved Høgskolen i Innlandet. Han tok opp at ein del av utfordringa er korleis me tenkjer på bustad, heim /borte. Valdres har erfaring med deltidssamfunn frå stølinga. Valdresamfunnet i dag må og ta med fritidsbustadane. Valdres har ein dobbel bustadstruktur. Bortfallsanalyse dreier seg om forbruksbiletet. 3145 km privat veg, det meste bygd etter 1999. Spørsmålet er ofte, kva kan me tene på hyttbebuarene, han åtvare mot ei splitting. Det føregår ein rekreasjonsspendling. Turister er her ein el. to gonger, deltidssbuande er investorar i bustad, og dei er her regelmessig. I gamle Oppland byggast det 4 fritidsbustradar for kvar bustad. Økonomi, det må skiljast mellom kommunal økonomi og lokal økonomi. Etterbruksmarknaden både på forbruk og på investering (oppgradering). Stadig fleire nasjonale aktørar på utbyggingssida, men på ettermarknaden er det stor plass for lokale. Kva du sit at med lokalt av forbruket er avhengig av tilbodet som blir gjeve. Hyttebygging og etterbruksmarknaden er kanskje den største overføringa av kapital frå by til land nokon gong. Dette er og ein viktig del av stedsutvikling. Tenk hytter og fastbuande samla. Korleis leie an i det grønne skiftet med å tenkje heilskap her? 1. rapport ved utgangen av året. *Tor Arnesen* poengterte at deltidssbuaren er svært lik dei fastbuande, deltidssbuaren er ikkje turist.

Betre samhandling: *Leif Solemsli*, han meiner at vi ikkje er der vi bør være i samarbeidet i Valdres. Han lurar på kvifor vi ikkje fekk til felles brannberedskap og fellesfinansiering av VV. Han meiner og vi burde hatt felles forståing av taklekasja på Valdresmusea. Havari på beredskaps plasser, manglar vi kommunikasjon? Manglar vi kommunikasjon mellom og med kommunar, dei regionale selskapa og institusjonar i Valdres? I Valdres har vi fagpersonar som ikkje får brukt og utvikla kompetansen sin! Vi må bli meir raus. Vi må tåle å ha diskusjonen, gjerne gjennom ei anna organisering sa han.

Linda Mæhlum Robøle takka for innspelet, og sa det er viktig å ta opp ulike syn, men at ho ikkje kjente seg heilt att i beskrivinga. Det regionalet samarbeidet er godt, men saker blir handtert på ulike nivå. *Robøle* inviterte til egen dialog med *Solemsli* for konkretisering. Regionstyret handlar innanfor mandatet frå kommunestyra. Spørsmålet er om vi vil nok sa *Haldor Ødegård*. Han spør og om misnøya handlar om at tilskota ikkje alltid blir i tråd med forventningane. Fleire hadde ordet og mellom anna vart det sagt at det er ei utfordring å forankre det som skjer regionalt i kommunane og eksternt. *Marit Hougsrud* sa at ueinigheit og diskusjon ikkje er det same som dårleg samarbeidsklima.

Innovasjonsløft i Valdres: *Hilde Tveiten Døvre* og *Tone Ranheim* orienterte om evalueringa *Oxford Research* har gjort, dette har vore vellukka. *Bedrifter* deltek helst med fleire. Alle deltek med sitt utviklingsprosjekt. Denne sparringa har gitt størst effekt. *Svein Erik Wold* tok opp at det er for lite folk. *Bedriftene* får ikkje tak i folk. To vedlegg: *Oxford Research* og presentasjon.

Saker handsama:

- V 1-/-20 Innkalling og saksliste
- V 2-/-20 Protokoll
- V 3-/-20 Berekraftig reisemål
- V 4-/-20 Handlingsprogram 2021, viktige satsingsområder for Valdres
- V 5-/-20 Eventuelt
 - Orientering frå Innlandet fylkeskommune

V 1-/-20 Innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Valdresrådet godkjenner innkalling og saksliste for Valdresrådets møte 19. august 2020

Vedtak:

Valdresrådet godkjenner innkalling og saksliste for Valdresrådets møte 19. august 2020. Orientering frå Innlandet fylkeskommune blir sett opp under eventuelt.

V 2-/-20 Protokoll

Forslag til vedtak:

Valdresrådet godkjenner protokoll av 18. desember 2019

Vedtak:

Valdresrådet godkjenner protokoll av 18. desember 2019

V 3-/-20 Berekraftig reisemål - reisemålsstrategi

Forslag til vedtak:

Valdresrådet tek framlagte diskusjonsutkast til etterretning. Valdresrådet ber det vidare arbeidet å ta omsyn til innspela som kom fram i møtet.

Handsaming:

Reismålsstrategi: Merete Hovi innleia, presentasjon er vedlagt referatet. Hilde Tveiten Døvre spurte kven er målgruppene? Opplevd berekraft, det vart framheva at dette ikkje berre skal vera papirvedtak. Arnfinn Beito, tok opp sporlaus ferdsel, her bør vi hente inn meir kompetanse. Tone Ranheim tok viktigheita av samhandling. Odd Erik Holden spurte, korleis når vi dei unge? Han tok også opp vertskapsrolla. Bjørn Nerموen tok om viktigheita av god vegmat. Vidar Eltun, 80% er hytte, korleis får me fleire av dei til å vera her på lågsesong? Eldre hytteeigarar og helsehjelp er viktig for å få dei hit? Han sa og at kommunikasjon mot vest er viktig. Det vart vidare poengtert at dette er ein reismålsstrategi som heile Valdres må levere på, ikkje berre selskapet Visit Valdres A/S

Vedtak:

Valdresrådet tek framlagte diskusjonsutkast til etterretning. Valdresrådet ber det vidare arbeidet å ta omsyn til innspela som kom fram i møtet.

V 4-/-20 Handlingsprogram 2021, viktige satsingsområder for Valdres

Framlegg til vedtak:

Valdresrådets innspel blir tekne med i det vidare arbeidet

Handsaming:

Henning Wangsnes innleia, presentasjon vedlagt referatet.

Resultat frå dei fem arbeidsgruppene:

Gruppe1:

- **Stølskultur**

- Landbruksperspektiv - stabilt landbruk, bærekraftig landbruk.

- **Folkehelse**

- Gode helsetjenester
- Mosjonsveiledere

- **Bostedsforsterkende utvikling**

- Næringsutvikling.

Gruppe2:

- **Satse på ungdom**

- lærlinger
- yrkesfag
- tilbake til Valdres / rett kompetanse

- **Befolkningsutvikling**

- jobbe med de som har tilknytning til Valdres.
- Deltidsinnbygger

- **Innovasjonsløft**

Gruppe 3:

- **Deltidsinnbygger**

- samskaping

- **Innovasjonsløft**

- **Bioøkonomi** (Def: Bioøkonomi er en økonomi basert på produksjon og foredling av fornybare biologiske ressurser som skog, jord, husdyr og planter til mat, energi, produkter og materialer).

- Verdiskaping
- Turisme - fellesgoder.

- **Gruppe 4:**

- **Stølsdrift, tradisjonelt landbruk**

- kvinnelandbruket

- **Utvikle kjerneverdiene til VNK**

- stavkirker
- Vandreruter, Kongevegen, Stølsruta ++

- **Bolyst**

- få ungdom til å bo i Valdres.
- ungdommen kommunestyre

- **Valdreslogo**

- Varemerkeavtaler med bedrifter

Gruppe 5:

- **Kultur**

- lage næring av kultur
- Jobbe med det vi er gode på

- **Landbruk**

- skogbruk mot miljø/grønt skifte
- økt bruk av tre, binne c02
- artmangfold beite
- **Utdanning på VGS**
- flere linjer på VGS slik at ungdommen går på skole i Valdres.
- Høyere utdanning i Valdres

Vedtak:

Valdresrådets innspel blir tekne med i det vidare arbeidet.

V 5-/-20 Eventuelt

Innlandet fylkeskommune:

Rapport om Koronamidlane som kommunane har fått vil bli etterspurt.

Fv. 33, Nye avtaler inngått raskt etter litt dramatik, der kontraktene vart sagt opp. Han rosa administrasjon for god handtering av situasjonen som oppstod. No er arbeidet i gang att.

Forsterkingsarbeid på Høljærst-Bruflat Fv 251 er ei gladsak.

75 mill til breiband er kome inn, no må vi få desse pengane ut og i arbeid.

Møte heva 15.40